

Årsmelding for Vats Grendautval for 2011

Styret har vore samansett slik etter sist årsmøte 11. nov. 2010:

Jon Olav Velde, leiar/kasserar
Hilde Fadnes Hølland, skrivar
Anne Nesheim Myhre, styremedl.
Kristin Ove Skare, styremedl
Severin Fatland, styremedl.
Åsmund Kalstveit, styremedl.

Varamedl: Olaug Skrunes Urdal
Arve Mjølhøus

Grendautvalet har hatt eit godt arbeidsår og teke opp mange saker som innbyggjarane i Vats er engasjert i og ha nytte og glede av, men også saker som dei vil ha ulike meiningar om. Grendautvalet tek gjerne mot fleire innspel om saker dei vil at grendautvalet skal ta opp.

Grendautvalet har hatt 6 styremøte utanom årsmøtet 11. nov. 2010:

1. 13. jan. med 6 saker
2. 3. mars med 9 saker
3. 27. april med 7 saker
4. 20. juni med 8 saker
5. 15. sept. med 6 saker
6. 25. okt. med 3 saker
- 7.

Grendautvalet har teke opp 39 saker - saker til drøfting eller til orientering.

Til styremøte den 13. jan. var prosjektleiar for Døldarheia vindmøllepark, Reidar Pedersen, og leiaren i Vindafjors tomteselskap, Leon Dyngeland med for å orientera om desse to sakene. Dei gav oss god informasjon både om vindmølleprosjektet og om bustgadbygging og tomtesituasjonen i bygda.

Det er sendt ut særutskrift til ulike etatar og lag:

- a. Til interimstyret for nytt kyrkjelydshus i Vats 2 stk: 13. jan. og den 27. april. -11
- b. Til styreleiaren i Vindafjordhallen – om dugnadsarbeid, den 13. jan. - 11
- c. Til styreleiaren i Vindafjordhallen – om nytt kyrkjelydshus, den 27. april – 11
- d. Til styret i Vindafjordhallen – om representant til representantskapet i Vindafjordhallen, 27. april
- e. Til Vindafjord kommune –om høyringsutkast til vindmølleparken i Døldarheia.
- f. Til Norges vassdrag- og energidirektorat – om vindmølleparken på Døldarheia.
- g. Til Vindafjord kommune – og Statens vegvesen den 13. jan. og 20. juni - 11
 1. om lysprosjektet ved sykkel- og gangstien i Øvre Vats
 2. om vegkrysset E 134 til Rv 46 ved Knapphus.
 3. om utkjørsla frå Knapphusfeltet og ut på Rv. 46,
 4. om sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus,
 5. om den trafikkfarlege smale vegen frå Åmsosen til Stokkafeltet,
 6. om sykkel- og gangsti frå Vats skule til Gjerdesdalen..

7. om å forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Aurdalsvegen til Eikeland vidare til Ølensvåg og frå Knapphus til Krakk og vidare mot Skjold..
- h. Høyringsuttale om AF Decom si verksemd på Raunes: "Forslag til planprogram – detaljreguleringsplan for sjømråde i Vats og Yrkesfjorden." 3.mars - 11**

Grendautvalet var saman med alle grendautvala i Vindafjord i møte med rådmann Kristian Birkeland og ordførar Arne Bergsvåg til eit fellesmøte i Ølen Kulturhus den 29. nov. 2010. Der orienterte leiarane i kvart utval om arbeidet i sine grendautval. Rådmannen og ordføraren ynskjer eit slikt møte kvart år for å halda seg orientert om arbeidet til grendautvala i kommunen.

Grendautvalet har delteke på fleire møte utanom styremøta:

1. 29.nov. Heile styret på møte i Ølen Kulturhus saman med alle grendautvala i kommunen.
2. 25. mars: Åsmund Kalstveit og Jon Olav Velde i møte på Sandeid om Vatsvassdraget.
3. Der vart det skipa ei prosjektgruppe – Harald Velde blei "tilsett" som koordinator.
4. 28. mars Jon Olav i møte i Representantskapsmøte for Vindafjordhallen
5. 2. mai: Jon Olav i planleggingsmøte med partslaga i Vindafjordhallen for info.møte om drifta av Vindafjordhallen
6. 4. mai: Dugnad ved Vindafjordhallen 4. mai, rydding/vedlikehald ute + anna dugnadsvakter
7. 26. aug.: Jon Olav i møte med ordførar og firma/bedrifter om reguleingsplan for sykkel- og gangsti Knapphus – Kårhus.
8. 30.aug. Jon Olav i møte i prosjektgruppa for Vatsvassdraget – strategimøte.
9. 8. sept. Jon Olav på bussstur/info.tur med bl.a. den nye fylkesordføraren Janne Johnsen, Terje Kleiven m. fl. der Jon Olav orienterte om behovet for sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.
10. 15. sept. Heile styret i møte i samarbeidsforumet ute på AF sin miljøstasjon på Raunes.
11. 22. sept. Severin, Hilde, Anne og Jon Olav på omvising/orientering ute på AF sin miljøstasjon på Raunes.
12. 26.sept. Jon Olav i møte i Representantskapet for Vindafjordhallen om økonomien.
13. 29.sept. Åsmund og Jon Olav + prosjektgruppa for Vatsvassdraget på møte/synfaring til Jærvassdraget på Bryne i Time kommune.
14. 4. okt. Jon Olav i møte med ordførar Bergsvåg ang. eit maleri av vatskunstnaren Ragnvald Eikeland som er på Odda sjukehus.
15. 21. okt. Jon Olav i møte med rådmann og ordførar om sponsorpenger til reguleingsplan for sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.

Her er ein del viktige saker som Grendautvalet har handsama og informert om:

- a. Sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus – få til ein reguleringsplan.
- b. Vegkrysset E 134 og Rv. 46 på Knapphus.
- c. Forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Aurdalsvegen mot Eikeland og vidare til Ølensvåg.
- d. Forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Knapphus til Krakk og vidare til Skjold.
- e. Utkjørsla frå Knapphusfeltet til Rv. 46 – ei svært trafikkfarleg utkjørsle.
- f. Fullføring av veglysprosjektet i Øvre Vats langs sykkel- og gangstien på E 134 frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen.
- g. Vatsvassdraget – få til ei prosjektgruppe.

- h. Aktiviteten ute på AF sin miljøstasjon på Raunes.
- i. Nytt bedehus/kyrkjelydshus i Vats
- j. Dugnadsarbeid for Vindafjordhallen
- k. Rydderutinar/ansvarsfordeling av uteområda i Vats før 17. mai.
- l. Vindmølleprosjektet på Døldarheia.
- m. Veg- og gatenamn i Vats – særleg i byggjefelta.
- n. Longåsdalshytta – denne har Haugesund Turistforening overdrege til Skjold bygdalag, men Vats Grendautval var med i ein søknad til VAF om å finansiera kjøpet..
- o. Få til offentleg badestrand i Vatsfjorden.
- p. Turstiar i Vats.

Vats Grendautval 25. oktober 2011

Jon Olav Velde
- leiar-

Hilde Fadnes Hølland
-nestleiar/skrivar-

Anne Nesheim Myhre
-styremedlem-

Kristin Ove Skare
- styremedlem-

Åsmund Kalstveit
-styremedlem-

Severin Fatland
- styremedlem-